



Det Kongelige Helse- og Omsorgdepartementet
Postboks 8011 Dep
0030 OSLO

Dykkar ref.	Vår ref./Sakshandsamar	Arkivkode:	Dato:
	11/1160-18/14/4090/Jostein Overskeid	U63	11.04.2014

Høyring om endringar i alkoholregelverket - Åpningstider for salg m.v., uttale frå Sauda kommune

Denne saka blei behandla i Sauda kommunestyre i møte 9.4. 2014. Kommunestyret fatta følgjande vedtak:

KOM-019/14 VEDTAK:

Avgrensingar i tilgjenge til alkohol er av dei mest effektive virkemiddel for å redusera skader av alkoholbruk. Løyveordningane og tidsrammer for omsetting av alkohol er sentrale virkemiddel i alkoholpolitikken. Med grunnlag i dette vil kommunestyret i Sauda tilrå følgjande i forhold til forslaga i høyringsnotatet:

Sal frå Vinmonopolet AS val- og folkeavrøystingsdagar

Forbodet mot sal frå Vinmonopolet AS på val- og folkeavrøystingsdagar bør kunna fjernast. Dette på bakgrunn av at skjenkeforbodet for brennevin på valdagar er oppheva, at det blir omsett alkohol på valdagen, samt at valordninga i dag har ført til at svært mange forhåndsstemmer.

Aftnar

Forbodet mot sal frå Vinmonopolet AS på jul-, nyttårs-, påske- og pinseaftan bør oppretthaldast. Sjølv om det blir peika på at ei opning for sal truleg vil ha liten verknad på den totale omsetninga, er det grunn til å tru at det vil auka såkalla impuls kjøp.

Tidspunkt for utlevering av bestilte, alkoholhaldige varer

Det er viktig at det er samsvar mellom bestemmelsane om utlevering og andre tidsbestemmelser i alkohollova. Dette sjølv om det er ein annan enn selgar som står for leveringa. Kommunestyret meiner difor at det ikkje bør vera utlevering på jul-, nyttårs-, påske- og pinseaftnar og at maksimaltidene for utlevering elles følgjer maksimaltidene som gjeld for Vinmonopolet AS. Det vil seia at utlevering maksimalt kan skje i tidsrommet frå kl 08.30 og fram til kl 18.00 på kvardagar og til kl 15.00 på laurdagar.

Kommunestyret i Sauda meiner difor at endringane i lova av 2. juni 1989 nr. 27 må bli som følgjande:

§ 2-5. Tidsinnskrenkninger ved utlevering av alkoholholdig drikk

Utlevering av alkoholholdig drikk ved privat innførsel kan skje fra kl. 08.30 til kl. 18.00. På dagen før søn- og helligdager skal utleveringen opphøre kl. 15.00. Dette gjelder ikke dagen før Kristi Himmelfartsdag.

Utlevering av alkoholholdig drikk ved privat innførsel er forbudt på søn- og helligdager, 1. og 17. mai, jul-, nyttårs-, påske- og pinseaften.

§ 3-4. Tidsinnskrenkninger for salg fra AS Vinmonopolets utsalg

Salg fra AS Vinmonopolets utsalg kan skje fra kl. 08.30 til kl. 18.00. På dagen før søn- og helligdager skal salget opphøre kl. 15.00. Dette gjelder ikke dagen før Kristi Himmelfartsdag. Åpningstiden for AS Vinmonopolets utsalg kan likevel ikke være lengre enn fastsatt salgstid for annen alkoholholdig drikk i kommunen.

Åpningstiden for AS Vinmonopolets utsalg fastsettes av departementet. Departementet kan bestemme at salgstiden skal begrenses til ukens 5 første hverdager.

Salg fra AS Vinmonopolets utsalg er forbudt på søn- og helligdager, 1. og 17. mai, jul-, nyttårs-, påske- og pinseaften.


§ 3-7. Tidsinnskrenkninger for salg og utlevering av alkoholholdig drikk med høyst 4,7 volumprosent alkohol

Salg og utlevering av alkoholholdig drikk gruppe 1 kan skje fra kl. 08.00 til kl. 18.00. På dager før søn- og helligdager skal salget opphøre kl. 15.00. Dette gjelder ikke dagen før Kristi Himmelfartsdag.

Kommunestyret kan generelt for kommunen eller for det enkelte salgssted innskrenke eller utvide tiden for salg i forhold til det som følger av første ledd. Salg og utlevering av drikk som nevnt i første ledd er likevel forbudt etter kl. 20.00 på hverdager, og etter kl. 18.00 på dager før søn- og helligdager unntatt dagen før Kristi Himmelfartsdag. Det kan bestemmes at salg ikke skal finne sted til bestemte tider på dagen eller på bestemte ukedager.

Salg og utlevering av drikk som nevnt i første ledd skal ikke skje på søn- og helligdager, 1. og 17. mai.

Med helsing
Sauda kommune


Jostein Overskeid
plan- og beredskapskoordinator